

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	04.09.2013	075/13	TMU

Avgjerslemynde: HPLT Sakshandsamar: Toril Mulen	Arkiv: GBNR-99/41 Objekt:	Arkivsaknr 13/586
--	--	-----------------------------

GNR 99/41 YSTEBØ - SØKNAD OM DELING AV EIGEDOM

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	30.04.2013	Kjell Skjelvik	Gnr 99/41 Ystebø - Søknad om deling av grunneigedom
2	U	27.05.2013	Kjell Skjelvik	Gnr 99/41 Ystebø - Søknad om deling av eigedom - mellombels svar

Vedlegg i saka:

Sjå kart vedlagt

Saksutgreiing:

Kjell Skjelvik søkjer om deling av tomt til føremål hyttetomt for niesa si. Skjelvik ynskjer at niesa for framtida skal få ha tilknytning til garden. Skjelvik har søkt tidlegare om å få dele ifrå ei tomt med føremål hyttetomt til niesa si. Saka vart innstilt negativt frå administrasjonen si side. Søkjar klaga, men fekk ikkje medhald i klagen av Fylkesmannen. No søkjer Skjelvik på nytt om å få dele ifrå ei tomt med føremål hyttetomt for niesa si, men på ein annan stad enn førre gong.

Jamfør Jordlova § 12 angående deling:

«Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet.» « Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller deling er forsvarlig ut frå omsynet til den avkasting eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal takast omsyn til godkjende planar som ligg føre for arealbruket etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet.» «Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja.» «Dersom deling ikkje er rekvirert innan tre år etter ar samtykke til deling er gitt, fell samtykket bort.»

Arealet som er omsøkt frådelt til hyttetomt er nytta eller kan nyttast til jordbruk. Arealet er avsett til landbruk-, natur- og friluftsliv i kommuneplanen. Det er ikkje samfunnsinteresser av stor vekt som talar for deling. Arealføremålet talar imot å gje samtykke til deling.

Ei frådelling av ei hyttetomt av denne storleik og på dette arealet vil ikkje medføre stor påverknad på den avkastninga eigedommen kan gje. Men, all frådelling vil påverke avkastninga i negativ lei.

Erfaring tilseier at frittstående bebygde tomter i LNF-område kan medføre konflikter mellom brukarane av tomtene og dei som utøver yrket sitt i landbruket. Ei frådelling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket.

Den tomta som Skjelvik søker om vert frådelt til hyttetomt er i grensa opp til ei allereie eksisterande bebygd tomt med gnr/bnr 99/59. Søklar har her tillempa å begrense ulempene ei frådelling kan medføre.

Det er godkjente planar for hyttefelt i området. I teorien burde det være mogleg for niesa til Skjelvik å bygge ei hytte i det regulerte feltet. På den måten kan ho ha tilhørsle til området og gardsbruket gnr/bnr 99/41 utan at tomta er utskilt frå nettopp dette gardsbruket.

Jamfør Jordlova § 1, føremålet med lova:

«Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.» «Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.» «Ein samfunns-gagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av jordressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og plantar.»

Vi finn det er overvekt av argument som talar imot at Skjelvik skal få innvilga frådelling av tomt til føremål hyttetomt til niesa si frå gnr/bnr 99/41.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gir ikkje Kjell Skjelvik samtykke til deling av gnr/bnr 99/41 med føremål hyttetomt til niesa si. Vedtaket har heimel i Jordlova § 12.

04.09.2013 HOVUDUTVAL FOR PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK.

Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, mot ein stemme Wenche K. Tveranger (Frp)

PLT – 075 VEDTAK:

Radøy kommune gir ikkje Kjell Skjelvik samtykke til deling av gnr/bnr 99/41 med føremål hyttetomt til niesa si. Vedtaket har heimel i Jordlova § 12.